

Til Vaksdal kommune

Dato:
Vår ref.: -
Saksbehandlar:
Dykkar ref.:

Arbeidsoppgåver for Voss-Osterfjorden vassområde 2015 og framover

Det er behov for fortsatt aktivitet i Vassområde Voss-Osterfjorden, sjølv om tiltaksanalysen for Vassområde Voss-Osterfjorden er fullført. Det vil vere naudsynt med minst 20 % stilling til oppgåver som:

- Kalle inn til møter i vassområdet og være sekretær for vassområdet. Hordaland fylkeskommune anbefaler minimum 3- 4 årlige møte. Det er viktig at samarbeidsorganet Vassområde Voss-Osterfjorden består. Arbeidet går nå inn i ein mindre intensiv periode, men organet og samarbeidet mellom kommunane må haldast vedlike. Dette trengs dels for å løyse løypande oppgåver og dels for å sleppe å starte på bar bakke når planen skal følgjes opp og rulleras.
- Arbeide vidare med tiltak i tiltaksmodulen i Vann-Nett, samt legge inn miljømål og SMVF.
- Temamøte om aktuelle tema innan vassforvaltning som er aktuelle for fleire kommunar eks om landbruksforureining eller spreitt avløp.
- Bistå vannregionmyndigheit når forvaltningsplanen og tiltaksprogram skrivas i første halvår 2015.
- Styre prosjektmidlane for klassifisering av vassførekomstar og oppfølging av konsulent.
- Delta på møter og samling for prosjektleiarar om vassforvaltning.
- Bistå med innsamling av ytterligare miljødata til Vann-Nett
- Ha pådriverrolle og oversikt over tiltaka når forvaltningsplanen blir vedtatt.
- Informasjon, rettleie primærkommunane og frivillig sektor.

Det vil bli gitt prosjektmidlar til arbeidet vidare. Kr 200.000 for 2014 blir overført til Vaksdal kommune nå i desember 2014. Det fylkeskommunen får av prosjektmidlar til vassforvaltninga vil i 2015 som før bli fordelt på dei 5 vassområda i fylket. Vi reknar med at vertskommunane får omtrent på same beløp som før og rår Vaksdal kommune til å budsjettere med lik sum til arbeidet i 2015 som i 2014.

Vennlig helsing

Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Sølve Sundbø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.